

Saksnr: 2022/3102-69**Saksbehandlar:** Åge Avedal**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		24.05.2022

Tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv. Tildeling våren 2022

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve 800 000 kr med slik fordeling:

Søkjjar	Prosjekt	Tilråding
BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER	Møt verden i Bergen - Familielørdag	20 000
BERGEN SPILLFESTIVAL	Bergen Spillfestival	40 000
BERGEN VISEFORUM	MGP låtskrivercamp i Bergen	10 000
Damekoret Stord con Spirito	Nytt samarbeid: Inderlege perler frå kyrkjemusikken	20 000
DØGNFLUER	Døgnfluer - en minifestival laget på ett døgn!	15 000
FAUSTUS - EXTRAORDINARY EXPERIENCES	Utposten	60 000
Filmveksthuset, Vestnorsk filmsenter as	BAKOM regional filmkonkurranse	40 000
FJALER KOMMUNE	Dalsfjordveka	10 000
Flora Historielag	Kinn Kyrkje, seminar, bok, nettside og NIKU-undersøking	50 000
FORTIDSMINNEFORENINGEN HORDALAND	Blå skilt	20 000
HARDANGER SPELEMANNSLAG	HardingFolk	20 000
KFUK-KFUM NORGE	Dans og musikk på Forandringshuset	40 000
Manger Musikklag	#lydenavunge	30 000
NFU VESTLAND FYLKESLAG	Kulturarrangement i Bergen og Førde	80 000
Nordhordland musikkteater	Frå hav til fjell i Nordhordland - et musikkteater basert på Arne Høyland sine viser og tekster	35 000
NORSK LÅTSKRIVERFORUM	e-kurs i låtskriving og nettsamfunn	15 000
NORSKE SYMFONI-ORKESTRES	Vestlandsk Sommarsymfoni 2022	15 000

PEDERHUSETS VENER	Nerdelaurdag i Pederhuset	20 000
REMEMBERING KENNETH	Etterklngen	20 000
SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG	UngLåt 2022	30 000
SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG	TØFT	15 000
SOGN OG FJORDANE SYMFONIORKESTER	Sofork samarbeidskonsert med unge talent.	40 000
SOMMERSTRYK	Sommerstryk 2022	20 000
STIFTELSEN BRYGGEN	Boken «BIDRAG TIL BRYGGENS PLAN- OG BYGNINGSHISTORIE I PERIODEN FRA CA 1030 TIL CA 1962».	40 000
SUNNFJORD KUNSTLAG	NåDa2 Ungdom Samtidskunst Kulturminne	35 000
TUSEN OG 1 W 1001W	Fjell Festning Lys Festival 1001W	50 000
UNG KYRKJESONG VEST	Vårtreff	10 000
		800 000

2. Følgjande søknader blir ikkje innvilga:

Søklar	Prosjekt	Tilråding
BERGEN DOMKIRKE SOKN	Familiedag - Nykirken400	-
BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER	Teatergruppe for barn	-
BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN	Sjokoladepappleik og familiefolkedanskveld	-
BERGEN UNGDOMSSTORBAND (BUS)	Bergen Ungdomsstorband på Nattjazz 2022	-
DAMEKORET VOX ANIMAE	Stabat Mater	-
EIKELANDSFJORDEN SAMFUNNSHUS	Oppgradering av scene	-
Eline Jacobsen Lillestøl	Musica-la-land	-
FIOLINAKADEMIET	Fiolinfest	-
FOLKEAKADEMIET HORDALAND	Kinck-dagane 2022	-
FORENINGEN ALREK HARDBAKKAKOR	Mannskor mellom fjord og fjell	-
Forrom	Forrom kunstfestival	-
FORTIDSMINNEFORENINGEN -	Konsert med Karin Krog og Morten Gunnar Larsen i Hålandsdalen kyrkje	-
FRENDAR VIKINGLAG	Gulatinget vikingmarknad	-
FRITIDSMALERNES FORENING	Fritidsmalernes forening	-
FØRDE KAMMERKOR	Konsert Te Deum av Charpentier	-
Gamle Innvik Ullvarefabrikk	Musikal Ull innerst i sjela	-
HEIARVANG GRENDALAG	Revitalisering av eksisterende ferdselsåre lagt i lokal historisk ferdselsåre	-
HILLESTVEIT MUSIKKORPS	Inspirasjonsseminar	-
Hordaland Bygdekvinnelag	kulturoppleving på Landsmøte	-
HORDLAND HUSFLIDSLAG	Markedsføring og synleggjering i.s.m. Landsmøte 2022 til Norges Husflidslag der Hordaland Husflidslag er vertskap	-
KFUK-KFUM I SOGN OG FJORDANE	Musikkstudio i Sunnfjord	-

KJØLSDALEN MUSIKKLAG	Seminar og brassfest for korpsmusikantar i Stad kommune	-
LATVISK KULTURSKOLE I BERGEN -	Vår aktiviteter	-
MUSIKALJENTENE	Barn av Månen	-
NORGES HANDELSHØYSKOLES	UKEN i Bergen	-
OPERAKYSTEN	Treffet - ein Tinderoopera	-
OS JUNIORBRIDGEKLUBB	Os junior open 2022	-
RADIO TAMIL / THEN TAMIL OSAI	Integrering og innvandrerne i det norske Samfunnet	-
RØLDALSSPELET	Røldalsspelet	-
SILISIUM VOKAL	Studioinnspilling ny musikk produsert for Silisium Vokal	-
Skånevik Teater	Pippifestivalen 2022	-
STIFTELSEN BERGENS ELEKTRISKE Sporvei	Museumstrikken i Bergen	-
STUDINEKORET SIRENENE	Feiring av Studinekoret Sirenenes 25-årsjubileum	-
UNG I KOR - VEST	Ervesong	-
Vestland fylkeskystlag	Slippvogn til Oselvar-åttring	-
VOX ANIMAE	Vokalensemblet Vox Animae: Jubileumskonsert	-
ÅSANE UNGE STRYKERE	Rekrutteringsprosjekt - Nye musikanter	-

Samandrag

Vestland fylkeskommune hadde motteke 64 søknader om tilskot til Frivilligheitas år ved fristen 1. mars 2022. Det er søkt om i alt 3 823 938 kr i tilskot, og avdelingsdirektør tilrår at det blir løyvd 800 000 kr til i alt 27 prosjekt og tiltak. Det er kome inn mange gode søknader til tilskotsordninga, og avdelingsdirektør har prioritert strengt utifrå føremålet og vurderingskriteria i ordninga.

Per Morten Ekerhovd
 avdelingsdirektør
 Kultur, idrett og inkludering (KII)

Ronny Skaar
 seksjonssjef
 kunst- og kulturutvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Søknader og grunngjeingar, tilskot prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv, våren 2022

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Generelt:

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Budsjett 2022: Sum kr 4 210 000 (Stønad etter vedtak)

Søknadsfrist: 1. mars 2022

Vedtak kriteria: [KULII 21. januar 2020](#)

Kriteria og informasjon om ordninga: [Informasjon på nettsida](#)

Våren 2022:

Tal på søknadar: 64

Tal på søknadar som vert tildelt støtte: 27

Samla søknadssum: 3 823 938 kr

Samla løyving: 800 000 kr

Vestland fylkeskommune lyste ut tilskotsordninga tilskot til prosjekt og tiltak – frivillig kulturliv med søknadsfrist 1. mars. I 2022 er det sett av totalt 4 210 000 kroner i budsjettposten Stønad etter vedtak. Midlane skal fordelast mellom to tilskotsordningar for prosjekt og tiltak, ein til profesjonell kunst og kultur og ein til frivillig kulturliv, basert på total søknadsmengd og søknadssummar. Tilskotsordningane er lyst ut med to søknadsfristar i året, ein i mars og ein i september.

Det kom inn 64 søknader og er søkt om i alt 3 823 938 kr i tilskot til prosjekt og tiltak – frivillig kulturliv våren 2022. Fylkesdirektøren tilrår at det blir løyvd 800 000 kr til i alt 27 prosjekt eller tiltak.

Føremål med ordninga

Ordninga skal stimulere til aktivitet og sikre innbyggjarar i heile fylket høve til å delta i eit mangfaldig kulturliv. Kulturpolitikken skal fremje og støtte eit sterkt frivillig kulturliv, og stimulere til nettverk og samarbeid.

Barn og ungdom har spesiell merksemd, og vi ønskjer å stimulere til at unge er aktive deltakarar i prosjektet.

Ordninga gjeld for aktørar eller aktivitetar innan det frivillige kulturfeltet/amatørkulturfeltet i Vestland fylke og prosjektet eller tiltaket skal ha kulturaktivitet som hovudføremål. Organisasjonar / institusjonar som tek imot driftsstøtte frå VLFK kan søkje støtte til prosjekt eller tiltak som fell utanfor den ordinære drifta, som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving av nye tiltak.

Avdelingsdirektør sine overordna kommentarar til innstillinga:

Det er god breidde i søknadene til tilskotsordninga. Alle tilsegn vert gitt med føresetnad om at prosjektet eller tiltaket vert gjennomført. Ein del av søknadene er lokale tiltak. Det er kommunane som skal støtte lokale tiltak, og desse søknaden er derfor tilrådd avslag. I følgje retningslinjene skal løyvingane i hovudsak ligge på mellom 10 000 og 100 000 kroner. For større prosjekt kan det vere aktuelt å søkje om støtte frå Kulturelt utviklingsprogram (KUP).

Absolutte kriteria

Tiltaket det blir søkt om må oppfylle dei tre absolutte kriteria for å kunne verte tilrådd støtte:

- Tiltaket skal vere i samsvar med føremålet i søknadsordninga.
- Tiltaket skal stette ein eller fleire satsingar i regional plan for kultur.
- Tiltaket skal ha regional kulturverdi, dvs. ha ein kommuneovergripande funksjon og/eller verdi.

Det blir ikkje gitt støtte til følgjande:

- Innkjøp og vedlikehald av bygg, utstyr og instrument.
- Tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale eller kommunale institusjonar
- Innspeing og utgjeving av litteratur, film og musikk. (Unntak kan vere dokumentasjon med kulturhistorisk verdi).
- Deltaking på seminar, utdanning, studiereiser, gjestekunstaropphald o.l.

Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriteria, men jo sterkare og jo fleire av desse som er oppfylte, dess meir relevant vil søknaden vere for ordninga.

Vurderingskriteria

Søknadene er vurdert ut i frå følgjande kriterium:

- a) Utvikling av kulturlivet i fylket, t.d. ha verdi som pilotprosjekt og bidra til større breidde
- b) Dokumentasjon av kulturhistorie
- c) Samarbeid og nettverk
- d) At tiltaket eller prosjektet er utadretta og ope
- e) Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
- f) Tidlegare vist gjennomføringsevne av kulturtiltak / prosjekt
- g) Støtte og forankring i heimkommunar og evt. nasjonalt

Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriteria, men jo sterkare og jo fleire av desse som vert oppfylt, dess meir relevant vil søknaden vere for ordninga. Støtte gjennom desse støtteordningane er ikkje rettighetsbaserte, og det er vanlegvis fleire kvalifiserte søkjarar enn det er tilgjengelege midlar. I tillegg blir det teke omsyn til geografi og sjanger i den samla vurderinga.

Alle tilrådde tiltak og prosjekt skal ha regional verdi – geografisk og/eller funksjon. Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Fagleg kvalitet og nyskaping kan også ligge til grunn for at eit tiltak har regional verdi.

Der det er gitt positivt tilsegn ligg det til grunn at dei absolutte kriteria er oppfylt tilstrekkeleg. Dei andre vurderingskriteria vert vist konkret til i grunngevinga (sjå vedlegg). Dei individuelle grunngevingane må bli sett som moment i ei heilskapleg vurdering opp imot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.

Dei fleste av søkjarane har fleire finansieringspartar i sitt budsjett. Støtte og forankring i heimkommune (-ar) er eit av vurderingskriteria for denne ordninga. Fylkeskommunal støtte skal forsterke det kommunale engasjementet i tiltak som har regional verdi, ikkje vere ei erstatning for manglande kommunalt kulturansvar

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. delegeringsreglementet punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Det er sett av 4 210 000 kr i 2022 til budsjettposten Stønad etter vedtak, til to utlysingar i ordningane prosjekt og tiltak – frivillig kulturliv og prosjekt og tiltak – profesjonell kunst og kultur. Avdelingsdirektør vil fordele midlane utifrå søknadssum og tal søknader i kvar ordning, og tildele 800 000 kr til frivillig kulturliv våren 2022.

Klima:

Avdelingsdirektør kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har stort klimaavtrykk.

Folkehelse:

Folkehelseoversikta i Vestland (2019-2023) viser at helsefremmande kvardagsarenaer aukar livskvalitet og meistring. Deltaking i frivillig arbeid gir sosial støtte, styrkar demokratiet og tilhørsla. I tillegg er det med på å førebygge einsemd og utanforskap.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 har relevante mål og strategiar som kan knytast mot frivillig kulturliv, m.a.:

- mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv
- strategi 3.1 Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar
- mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping
- strategi 4.1 Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR, har mål om styrka frivilligheit.

Konklusjon

Det har kome inn mange gode søknader til tilskotsordninga, med god fordeling innan ulike sjangrar. Tiltaka som blir tilrådd støtte har regional verdi og er med å utvikle det frivillige kulturlivet i Vestland. Avdelingsdirektør tilrår at det blir løyvd 800 000 kr til i alt 27 prosjekt og tiltak. Det vert elles vist til vedlegg med oversyn over søknadane med grunngjeving til kvar søknad.